

Fjellnettverkets innspel til Innovasjon Noreg sitt arbeid med reiselivsstrategien

Fjellnettverket ga innspel på tre tema: auka verdiskaping, berekraftig utvikling og omstilling, og Rammevilkår, strukturar og kompetanse. Teksten i raudt er frå Innovasjon Noreg sitt digitale skjema.

1. Auka verdiskaping

Beskriv problemstilling, muligheter og trusler

1. Fjellnettverket meiner det ligg store mogelegheiter for auka verdiskaping innanfor eit berekraftig reiseliv. Fjellområda, med rein luft, reint vatn, dyreliv, naturmangfald og vakker natur, har eit stort potensiale til å auke verdiskapinga. Kulturarv og tradisjonar frå fjellet kan danne grunnlag for nye, stadeigne opplevingar. Fjellet og fjellområda har eit stort potensiale for å auke verdiskapinga gjennom å rette seg mot målgrupper som etterspør det fjellet og Noreg kan tilby: Naturopplevingar, ro og rein luft. Dette vil òg kunne legge eit grunnlag for å utvikle fleire opplevingar for tilreisande.

2. Fjellnettverket meiner at skal verdiskapinga innan reiselivet auke, er det naudsynt med ei brei tilnærming. Mange av dei viktige reiselivsdestinasjonane i Noreg ligg i område der ein vil få nedgang i folketalet i framtida. Prognosane til SSB og Telemarksforsking viser at befolkninga aukar i dei store bynære sentra og det vil bli færre buande i bygda og i distrikta. Fjellnettverket meiner dette er ei stor utfordring for utviklinga av reiselivet i Noreg. Den forventta samfunnsutviklinga med nedgang i folketal og færre arbeidsplassar i distrikta er ei stor utfordring for utvikling og auke i verdiskapinga i reiselivet:

- Mindre tilgang til kompetent arbeidskraft i reiselivet
- Mindre innovasjon og nyetableringar av verksemdar.
- Sveikka lokalsamfunn får mindre aktivitet og dermed får lokalsamfunnet mindre verdi som destinasjon.
- På grunn av fråflytting, er det tomme hus, kulturlandskapet forsvinn og det blir meir attgroing på fjellet

3. Mange viktige reiselivsdestinasjonar høyrer heime i fjellområda, men i mange område er skilnaden mellom høgsesong og lågsesong stor. Mange er avhengig av sesongbasert arbeidskraft og det svekker lokalsamfunnet og verksemdene. 4. Det er eit stort potensiale for auka verdiskaping gjennom å ta i bruk meir lokal mat. Bruken av lokalmat gir positive synergieffektar for lokalsamfunnet og storsamfunnet. Det gjer det mogeleg å ta ein høgare pris og det gir ei betre oppleving for tilreisande.

Hva er ønsket situasjon?

Fjellet har tilreisande som er oppteken av eit berekraftig reiseliv og som etterspør opplevingar som styrkar lokalsamfunn, naturmangfald og verdiskaping. Turisten opplever lokalsamfunn, natur og kulturarv i ein samanheng og får stadeigne opplevingar. På destinasjonane møter tilreisande fastbuande og eit aktivt, levande miljø. Tilbodet til fastbuande og tilreisande er variert. Fleire har etablert verksemdar basert på opplevingar, der ein nyttar jakt, fiske, kultur og landbruksbaserte verksemdar som grunnlag for stadeigne opplevingar. Sesongane er utvida til heilårsdrift. Stabile, attraktive arbeidsplassar innanfor reiselivet med tilsette som har høg kompetanse. Verksemdene investerer i etter- og vidareutdanning og tilbyr stadig nye og betre produkt som aukar verdiskapinga. Det blir servert mat produsert lokalt på ulike serveringsstader. Maten er ein kombinasjon av tradisjonar og nyskaping og gir tilreisande ei oppleving av lokal kultur og lokale matproduksjon.

Forslag til løsnings- eller strategisk tilnærming

1. Målretta marknadsføring mot tilreisande som ynskjer å oppleve (og betale for) det lokalsamfunnet og naturen har å tilby.
2. Utviklinga av reiselivet må sjåast i samanheng med utviklinga på andre samfunnsområde og i mykje større grad enn i dag vere del av ei heilskapleg utvikling av lokalsamfunn. Fjellnettverket er bekymra for landbruket og reduksjonen i små og mellomstore bruk. I tillegg til matproduksjon bidreg landbruket til å skape levande lokalsamfunn, kulturlandskap og fjellandskap som er etterspurd av tilreisande. Det er særleg små og mellomstore bruk som blir lagt ned og det rammar fjellområda hard. Færre beitedyr fører til attgroing, både av kulturlandskap og i snaufjellet. Seterlivet er i ferd med å døy ut. Framover står me altså ovanfor at mykje av det som dannar grunnlaget for reiselivet blir svært redusert. Eit viktig perspektiv i dette er å sjå landbrukspolitikken og vilkåra for reiselivet i samanheng.
3. Incentiv og risikokapital for å gå frå sesong til heilårsdrift Eit arbeid for å sikre ei utviding av sesongane, slik at talet på tilreisande er jamnare, vil vere ein stor fordel for reiselivet sjølv, men òg for lokalsamfunnet. Til dømes auke i distriktsutviklingsmidlar. Utviklingsmidlar over post 13.50 på statsbudsjettet som har vore brukt for å skape samarbeid og innovasjon til dømes i Trysil. Dei har vorte redusert drastisk over statsbudsjettet i fleire år. Ei auke i desse vil kunne bidra til meir attraktive arbeidsplassar som tiltrekk seg folk med kompetanse, og auke innovasjonsgraden innan reiselivet.

Hva er viktigste nøkkelord for ditt innspill? (maks 4-6)

Fjellområda, levande og livskraftige lokalsamfunn, lokalmat og heilårsdrift

Oppsummer gjerne ditt hovedpoeng kort til slutt - i maksimum to setninger

Fjellområda har stort potensial for å auke verdiskapinga i reiselivet. Den forventta samfunnsutviklinga med nedgang i folketal og færre arbeidsplassar i distrikta er ei stor utfordring for utvikling og auke i verdiskapinga i reiselivet.

2. Berekraftig utvikling og omstilling

Beskriv problemstilling, muligheter og trusler

1. Naturen i fjellet er sårbar. Kort vekstsesong og klima gjer at menneskelege påverkingar får større konsekvensar i fjellområda samanlikna med andre stader i landet. Dyreartane i fjellet er avhengig av store areal, eit døme er villreinen. Det biologiske mangfaldet i og nær fjell er på mange måtar unikt. Mykje av mangfaldet, særleg mikrobielivet i jord og vatn, er enno ukjent. Det å forvalte landskapa slik at mangfaldet blir sikra for framtida, er difor avgjerande. Auka bruk av fjellet er ei utfordring for å kunne ta vare på fjellområda og dei ressursane som finnes der, for kommande generasjonar.

2. Den største delen av klimautsleppa i reiselivet er frå transport. Frakt av folk til og frå destinasjonar, gir store utslepp. Det same gjeld frakt av utstyr og mat som reiselivet har høgt forbruk av.

3. Mange fjellkommunar har i sesong svært mange tilreisande. Sjølv om dette er positivt for reiselivet, meiner Fjellnettverket at det er svært viktig at tilreisande møter eit levande lokalsamfunn. Koronasituasjonen og særleg hytteforbodet viser at det kan vere utfordrande med beredskap. Det er òg ei utfordring for mange av kommunane med finansiering av fellesgode, som mellom anna skiløyper, transportløyser og parkering. Dårlig kommuneøkonomi gjer at det ikkje blir lagt godt nok til rette for besøkande.

Hva er ønsket situasjon?

Noreg og særleg fjellområda har godt besøk av tilreisande som er opptekene av eit naturnært og berekraftig reiseliv. Tilreisande etterspør miljøvenlege løysingar innanfor transport, mat og opplevingar. Reiselivet brukar i stor grad lokale tenester og lokal mat. Dei tilreisande kjem til levande og livskraftige bygder og kostnadene for tenester er jamt fordelt mellom tilreisande og fastbuande.

Forslag til løsninger eller strategisk tilnærming

1. Reiselivet må ta omsyn til naturen og biologisk mangfold. For det fyrste kan ein målrette marknadsføring og produkt inn mot grupper som ynskjer og verdset natur og som er ute etter grønne og berekraftige løysingar. Dette er ei gruppe som ein reknar med kjem til å vekse framover, så dette vil kunne auke verdiskapinga i næringa. For det andre kan ein legge til rette med svært god forvaltning av besøkande. Ordningar som sikrar at reiselivskommunar har økonomi til å gjennomføre tiltak og ligge i forkant av utviklinga. Gode døme kan vere å endre stiar og ferdslar, slik at naturen får mogelegheit til å «hente seg inn att», ikkje bygge ut uutbygd natur. God informasjon til tilreisande om korleis ein ferdast i naturen og tek omsyn til at landbruket har eigne behov. Slik kan ein på tross av mange besøkande ta vare på og omsyn til naturen og det biologiske mangfaldet.

2. Klimautsleppa knytt til transport i reiselivet kan reduserast gjennom bruk av lokale tenester eller lokal mat. Elektrifisering av bilparken og utbygging av kollektivløysingar i område med mange tilreisande.

3. Økonomiske løysingar som gjer at kommunar og bygder kan forvalte tilreisande på ein god måte, vil minske konfliktnivået og styrke reiselivet og produkta reiselivet i Noreg tilbyr. Kommunar og regionar legg eit viktig grunnlag for god og systematisk utvikling av reiselivet lokalt. Kommunale rammevilkår er sentralt for å legge til rette for lokal og regional næringsutvikling.

Hva er viktigste nøkkelord for ditt innspill? (maks 4-6)

Omsyn til sårbar natur, bruk av lokale tenester og lokalmat, god besøksforvaltning

Oppsummer gjerne ditt hovedpoeng kort til slutt - i maksimum to setninger

God forvaltning av og informasjon til tilreisande og bruk av lokal mat og lokale tenester.

3. Rammevilkår, strukturar og kompetanse

Beskriv problemstilling, muligheter og trusler

1. Fjellnettverket meiner at ein strategi for reiselivet må henge saman med og ta høgde for utviklinga på andre samfunnsområde. Fjellnettverket meiner at reiselivet er heilt avhengig av at det er ei utvikling av lokalsamfunn og er difor svært bekymra over befolkningsutviklinga i fjellområda. Fjellnettverket er særleg bekymra for landbruket og nedlegginga av små og mellomstore bruk. Landbruket bidreg i tillegg til å produsere mat, til levande lokalsamfunn, kulturlandskap og fjellandskap som er etterspurd av tilreisande. Færre beitedyr fører til attgroing på fjellet. Seterlivet er i ferd med å døy ut. Framover står me altså ovanfor at mykje av det som

dannar grunnlaget for reiselivet blir svært redusert. Ein strategi for reiselivet må ta omsyn til at utviklinga i landbruket, i stor grad vil påverke inntekspotensialet for reiselivet i framtida.

2. Fjellnettverket meiner at det må vere levande og livskraftige lokalsamfunn som er berebjelken i reiselivet. Destinasjonsutvikling tek ofte utgangspunkt i økonomi og premisa vert ofte sett av dei store aktørane.

3. Sidan 90-talet har endringane i måten nordmenn brukar og byggjer fritidsbustader endra seg: Frå små hytter med enkel standard, til ein bustad nummer to, med høg standard. Fritidsinnbyggjaren brukar meir tid på hytta og i kommunen hytta ligg i. Mange kommunar får mangedobla innbyggjartalet i høgsesongen, noko som har vorte aktualisert i samband med hytteforbodet og beredskap. I ein normalsituasjon får kommunane mange positive ringverknader av fritidsbustadene. Men òg store utgifter. Mellom anna på grunn av opphaldsprinsippet, infrastruktur og til behandling av byggesaker. Situasjonen rundt koronaviruset har vore og er svært spesiell, men den viser at hyttekommunar står overfor store utfordringar. 4. Reiselivet i distrikta har dårlegare lønnsamheit enn i sentrale strøk. Mangel på risikokapital og tilskot er mange stader eit hinder for å utvikle nye produkt og utvide sesongen.

Hva er ønsket situasjon?

Levande og livskraftige lokalsamfunn er utgangspunkt for reiselivet. Gjennom sine lokale, stadeigne produkt og opplevingar er det mange attraktive arbeidsplassar som skapar gode opplevingar for tilreisande . Det er eit aktivt og godt landbruk som produserer lokale råvarer og vidareforedlar desse. Landbrukspolitikken tek omsyn til fjellandbruket og betydninga det har for matproduksjon og for verdiskapinga for reiselivet. Lokalprodusert mat blir servert på ulike serveringsstader. Maten er både produsert og vidareforedla lokalt og er ein kombinasjon av tradisjonar og nyskaping og gir tilreisande ei oppleving av lokal kultur og lokale mattradisjonar. Insentiv og kapital er investert, slik at det sesongbaserte reiselivet er heilårsdrift. Stabile, faste arbeidsplassar har gjort reiselivet til ein attraktiv arbeidsplass og reiselivet har vorte ei meir kunnskapsbasert næring. Det er nytenking og innovasjon i næringa.

Forslag til løsnings- eller strategisk tilnærming

1. Landbrukspolitikken som aukar lønnsamheit for små og mellomstore bruk og ser verdien landbruket har for reiselivet og som grunnlag for utvikling av stadeigne opplevingar.

2. Fjellnettverket meiner at inntektssystemet for kommunane bør endrast. Overføringane til kommunane blir berekna etter talet på heiltidsinnbyggjarar og tek ikkje høgde for at måten nordmenn bur og brukar fritida si har endra seg.

3. Finansiering av fellesgode som skiløyper, turstiar og anna er mange stader vanskeleg og

skapar lokale konflikter. Det fører til at det ikkje er nok investering i destinasjonsutvikling og at dei store aktørane sine behov vert prioritert. Det bør utviklast nye og robuste nasjonale finansieringsløysingar.

4. For å utvide verksemd frå sesongdrift til heilårsdrift meiner Fjellnettverket at det må sterkare insentiv til. Inkubatorar, næringshagar og Siva-programma har stor betydning for utvikling av reiselivet og næringslivet i distrikta. I tillegg bør distriktsutviklingsmidlane aukast. Utviklingsmidlar over post 13.50 på statsbudsjettet har som har vore brukt for å skape samarbeid og innovasjon til dømes i Trysil. Dei har vorte redusert drastisk over statsbudsjettet i fleire år. Det kan òg utarbeidast nye ordningar som legg til rette for nyinvesteringar og innovasjon i næringa.

Hva er viktigste nøkkelord for ditt innspill? (maks 4-6)

Landbruk, inntektssystem kommunar, finansiering av fellesgode og heilårsdrift

Oppsummer gjerne ditt hovedpoeng kort til slutt - i maksimum to setninger

Framtidig utvikling av reiselivet i Noreg heng saman med næringsutvikling og landbruket i distrikta. Levande og livskraftige bygder er viktig for reiselivet framover.